

Husk morsdagen!

11.02.2017



Denne dama utanfor Gros Blomster kjem med ei viktig påminning.

(OPPDATERT): Morsdagen er ein fin tradisjon knytta til andre søndagen i februar. Her i Uskedalen er det fleire servicebedrifter som er til god hjelp når vi skal heidra mor denne dagen. Utanfor Gros Blomster sit denne eldre dama og oppfordrar oss til å hugse mor. Elins Matgleder har ekstra mykje godt i disken, og på sjølve dagen kan vi ta mor med og nyta ein fortreffelig middag hos SmakifråOska. (Der er alle bord no oppbestilt.)

Gros Blomster har fått inn ekstra mykje fint i samband med morsdagshelga, og dei har ope til kl.15 i dag, laurdag. Elin Enes i Elins Matgleder har stått ekstra på denne helga og har eit ekstra stort utval av kaker og anna bakverk. Det er også eit godt utval for allergikarar. Elins Matgleder har ope til kl.16 i dag.

I morgon kan ein feira med ein smakfull middag på Oska. Roy Lervåg og det gode kjøkenet hans lokkar med kalvefrikasè med rotgrønsaker og poteter. Dette vert servert slik ein koseleg mordagsmiddag skal serverast, med skåler på borda og påfyll dersom det går tomt av noko før ein er mett. Desserten er inkludert, og ein får det heile til vanleg søndagsmiddagspris, 250,- kr, medan dei under 12 år betaler halv pris. Dørene opnar kl.15. **For å sikra seg plass her vart det oppfordra til å bestilla på førehand. Roy Lervåg kan no melda at dei har opplevd stor pågang siste dagane, og no er alle borda oppbestilt.**

For dei som vart for seint ute denne gangen, kjem nok SmakifråOska til å invitara til søndagsmiddag seinare. Det er kjekt å ta mor med til ein fantastisk middag på denne gode restauranten ved eit seinare høve også.

Ha ein riktig fin morsdag!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.